

Vekeplan, veke 42

4. klasse



Namn:

Info:

- **SONGSKATTANE 2026:** Torsdag 5. mars er det konsert for foreldre og føresette kl 17.30 i Storstova. Elevane møter kl 16.45.
Onsdag 4. mars er det skulekonsertar i Storstova i skuletida.
- Skulen skal ha eit tre vekers langt klasselesekurs. Kvar dag i ei veke skal det jobbast med same tekst ei stund. Ein skal både sjå på innhald og på ord i teksten. Det blir andre tekstar i leselekse.
- Onsdag 15. oktober er det aktivitetsdag i 2. og 3. økt i samband med TV-aksjonen med m.a sponsorløp og postar på skuleområdet. I tillegg kjem FAU og grillar, men det kan vere lurt å ha med litt niste allikevel. Det er sendt ut eige info på Visma frå Aktivitetsdagkomiteen. Sponsorskjema (ark) blei delt ut som ranselpost på fredag før ferien.
- Då det ikkje blei vennegrupper i 4. klasse, minner eg om det som blei sagt på foreldremøtet om å lage til nokre arrangement/samlingar i løpet av året, enten for heile klassen eller gutane og jentene kva for seg. Det kan vere koseleg å nytte mørke haustkvelder til bålkos, hobbytreff, tur med lommelykt, baking, spelekveld mm. Ta kontakt viss det er ønskjeleg å låne rom på skulen.
- Veke 42-44 er det reflekskonkurranse for heile skulen, så på med refleksvesten J
- Hugs å lese inn på Showbie når det står på vekeplanen.
- Kakefesten blei ein suksess. Takk for alle bidrag. Alle kakene stor på bord inne på grupperommet, og elevane fekk forsyne seg tre og tre om gongen. Det var berre lov å ta eit stykke om gongen, men ein kunne gå så mange gonger ein ville – så det gjaldt å stoppe i tide.

Mål:

Lesing/skriving:	- Eg forstår det eg les. - Eg skriv faktatekst - Eg kan fordjue meg i ein tekst
Rekning:	- Eg kan multiplisere med flersifrede tall med hele tiere og hundre.
Engelsk:	- Eg kan sei nokre ingrediensar på engelsk - Eg kan beskrive ting og fortelje kva eg gjer eller skal gjere
Sosialt:	- Eg seier ja viss nokon vil vere med i leiken

Øveord: (Desse skal du kunne skrive på målprøven på fredag)

uhyre – skrekkeleg – glefse – angripe – lenke

Gloser:	
towel – handkle	soap - såpe
plug – propp	sink – vask
tap - vasskran	

Lekser til

Tysdag:	Norsk: Les s. 58 (mest krevjande) eller s. 59 (enklast) i salto. Les to gonger høgt for ein vaksen og ein gong for deg sjølv. Den eine gongen les du inn på Showbie under leselekse, veke 42. Matte: Gjer s. 26 i Multi 4 oppgåvebok. Ta med underskrift på gongeprøve og målprøve. Hugs å levere dei J
Onsdag:	Norsk: Finn fram den raude boka og teksten «Kva er eit tre?» Skriv overskrift: Substantiv. Finn minst 10 substantiv i teksten. Skriv dei opp i <u>ei liste</u> med artikkel foran. Engelsk: Lese s 20. Husk å sjå på bildet og hugs godt alle orda der som er markert. Aktivitetsdag for heile skulen. Ta på klede som du kan vere aktiv i. Dusj når du kjem heim. Vanleg gym utgår.
Torsdag:	Norsk: Les tekst i den raude boka to gonger høgt for ein vaksen og ein gong for deg sjølv. Gjer oppgåvene som høyrer til. Bruk leseteksten som hjelp når du gjer oppgåvene. Lever boka! Hugs symjing.
Fredag:	Norsk: Gå inn på Relemo og hald fram der du er. Ta skjermbilete og lever på Showbie under leselekse, veke 42. Matte: Gjer s. 27 i Multi oppgåvebok. Øv 10 min på 7 gongen. Tips: høyr på gongesongen og gjer oppgåver på salaby->matematikk->3.trinn-> multiplikasjon.

Forventa timeplan denne veka.

	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
8.15-9.45	Engelsk ER	Matte Musikk EH	Naturfag Boklån LT	Norsk GS Dra på symjing 9.30	Matte EH & MH
9.45-10.00	Friminutt	Friminutt	Friminutt		Friminutt
10.00-11.00	Matte EH	Samfunn 3+4 MH	Aktivitetsdag 1.-7 ER	Symjing AI/ER	K&H GS
11.00-11.40	Mat og friminutt	Mat og friminutt	Mat og friminutt	Friminutt	Mat og friminutt
11.40-13.10	Norsk Olweus GS	Norsk GS	Aktivitetsdag 1.-7 GS	Krle 3+4 MH	Norsk GS
Skulen sluttar 12.40					

GS= Grete Stokke AI = Aina Idland. MH= Margaret Harestad EH = Elisabeth Haagenen LT= Lars Tjelle
ER = Erik Røyland.

